

Ingen av våre seier førebels ja til attval

16.09.2010



USKEDALSPOSTEN

JULA 2007

3. årgang

Laussal kr. 40,-

Kva kan vi venta av dei?



Kva kan vi venta av dei, spurde Uskedalsposten i 2007. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Om eitt år er det nytt kommuneval og førebels seier ingen av dei 4 representantane frå Uskedalen ja til attval.

Dette kjem fram i ein spørjerunde Grenda har gjennomført til kommunestyre-representantane.

Berre 6 av 33 har så langt bestemt seg for å stille opp att. To av dei 35 er ikkje spurde.

Av dei 4 frå vår bygd har Torfinn Myklebust (IP) og Gunn Mari Moberg (H) enno ikkje bestemt seg for om dei vil satsa på 4 nye år som folkevalde.

Tove Lill Lakslev (FrP) og Bjarne Lilleaas (V) har bestemt seg - dei seier begge nei til å stilla opp etter denne perioden.

Ikke sidan slutten på 1970-talet har det vore med så mange uskedelingar i kommunestyret som i dei siste 3 åra og det har vore stilt store forventnadar til kvartetten.

16 av medlemmene seier til avisat at dei framleis ikkje har bestemt seg for om dei kjem til å seia ja til listepllass neste år medan 9 kjem til å takka nei til ein ny periode.

Varaordførar Synnøve Hardeland (V) er blant dei som ikkje vil seia kva ho har bestemt seg for og det er også Øyvind Utne (H). Ordførar Synnøve Solbakken (Ap) har heller ikkje bestemt seg for om ho vil stilla til attval då det avheng av fleire ting, til dømes kva ho og partiet skal gå til val på og om dei har eit godt lag å stilla med.

Leiar i Innbyggjarpartiet Einar Saghaug har bestemt seg for å seia ja og Knut Prestnes (Sp) seier det er kona Anna som bestemmer. Og Anna seier at svaret er 'veit ikkje enno'.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Tove Lill Lakselv (til høgre) seier nei, medan Gunn Mari Moberg enno ikkje veit kva det blir til.